

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 01.06.2022

FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Apotekar Tonje Folkvang

SAKA GJELD: **Administrerende direktør si orientering, pkt. 1**
Status risikoområde legemidler (ROMLE)

ARKIVSAK: 2021/782
STYRESAK: 14/22

STYREMØTE: 08.06.2022

.....

Status

- Regional arbeidsgruppe har halde 5 møte (1.9, 29.9, 27.10, 24.11, 16.2).
- ROMLE var eit av tema på Regionalt toppleiarprogram 31.3.22
- Det er gitt signal om midlar frå Helse Vest, og det blir no etablert eit sekretariat med dedikerte ressursar til det vidare arbeidet.

Måloppnåing så langt

- Innsiktsfase gjennomført:
 - Gjennomgang av 1370 Synergimeldingar på legemiddelområdet frå perioden 01.2020-11.2020 for å få oversyn over kva uheldige hendingar som blir registrerte i regionen
 - Gjennomgang av nasjonal og internasjonal forskning knytt til risikoområde legemiddel
 - Gjennomgang av pågåande initiativ i regionen – både teknologiske og organisatoriske tiltak
- Det er definert 4 tiltaksområde med totalt 10 tiltak:

KOMPETANSE	Utarbeide regionale kompetansemål og kompetanseplanar på risikoområda legemiddelutrekning, infusjonspumper, risikolegemiddel og bruk av elektronisk kurve
	Utvikle læringsspel der utrekning og fortynning blir simulert
ARBEIDSPROSESSAR	Utvikle regional prosess for utdeling av legemiddel med pasientinvolvering ved hjelp av legemiddeltraller og eindose
	Innhente status for legemiddelsamstemming i dei ulike sjukehusa
	Koordinere arbeid knytt til avklaring av roller/ansvar/dokumentasjonsstøtte i kirurgiske forløp i det enkelte sjukehus
FORBEDRET IKT-STØTTE	Etablere påminningsløsning for å sikre at legemiddel blir gitt til rett tid
	Forbetre ordinasjonar i elektronisk kurveløsning
	Etablere mengdekalkulator i elektronisk kurve når ein gjer i stand dose
STYRING OG LEDELSE	Sikre grunnlag for rapportar i Synergi som kan bli brukte i forbetningsarbeidet utan vidare arbeid
	Belyse behovet for ein regional modell for styring og vidareutvikling av risikoområdet legemiddel

Plan vidare

- Tiltaka vil bli publiserte i ein web-basert regional plan etter modell frå «Neste generasjon plan»
- Regional arbeidsgruppe har møte 7.6.22 – Agenda: Endelege innspel og tilslutting til utkast til web-basert regional plan
- Det er invitert til løypemelding for tillitsvalte 10.6.22
- Etter sommaren: Byrja arbeidet med å setja i verk tiltaka i planen.